



**VOLDA KOMMUNE**  
**Avdeling for dokumentasjon og service**

Til utviklingsavdelinga for vidare oppfølging

Erlend S. Vikestrand

Vår referanse  
19/10615 22/11146

Din referanse

Sakshandsamar  
Sonja Håvik

Dato  
08.06.2022

**Melding om vedtak - Planforlag til offentleg ettersyn - KDP for kryssing av  
Voldsfjorden**

Formannskapet har i møte 07.06.2022, sak 114/22, fatta følgjande vedtak:

Formannskapet vedtek, med heimel i plan- og bygningslova § 11-14, å leggje planforslag til kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Med helsing

Sonja Håvik  
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikke signatur

Mottakar  
Erlend S. Vikestrand



# Volda kommune

**Vår referanse:** 19/10615 22/10434  
**Saksbehandlar:** Erlend S. Vikstrand  
**Dato:** 30.05.2022

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
114/22	Formannskapet	07.06.2022

### Planforlag til offentleg ettersyn - KDP for kryssing av Voldsfjorden

#### Samandrag:

Planforslag til kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden vert med dette lagt fram for sak til offentleg ettersyn. Planforslaget er utarbeidd av Multiconsult AS på vegen av Volda kommune og legg til rette for vidare regulering og utbygging av flytebru over Voldsfjorden mellom Greifsneset og Krumsvikneset. Kommunedirektøren rår formannskapet til å leggje ut planforslaget til offentleg ettersyn i minst seks veker, jf. reglane i plan- og bygningslova § 11-14.

#### Formannskapet 07.06.2022

#### Behandling:

##### Røysting (8 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 7 røyster og vart vedteken, Øyvind Festø (Mdg) røysta mot.

#### FSK - 114/22 Vedtak

Formannskapet vedtek, med heimel i plan- og bygningslova § 11-14, å leggje planforslag til kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet vedtek, med heimel i plan- og bygningslova § 11-14, å leggje planforslag til kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

## **Saksopplysningar:**

### **Bakgrunn:**

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for å erstatte dagens ferje mellom Volda og Folkestad med brusamband over Voldsfjorden (Rv 651). Planprogrammet vart stadfesta av kommunestyret i august 2018 (PS 97/18). Det vart signert kontrakt med Multiconsult AS 17.06.2020 for utarbeiding av kommunedelplan (KDP) og konsekvensutgreiing (KU). Første utkast til KU vart levert Volda kommune 13.07.2021. Konsekvensutgreiinga tek føre seg ei vurdering av fastsette tema for to alternative trasèar og to underalternativ på desse. Føremålet med KU er å vurdere prissette og ikkje-prissette konsekvensar, samt nokre tilleggsanalysar og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Det er også utarbeidd terrengsnitt og vegmodellar for bru, landfeste, tilkomstvegar og tunellar. I arbeidet med dei prissette konsekvensane er det utarbeidd ei nytte-kostnadsanalyse med bruk av ANSLAG-metoden som estimerer anleggskostnadane.

Kommunestyret tok konsekvensutgreiinga til vitande i møte 16.12.2021 (KST 128/21) og gjorde vedtak om å leggje til grunn alternativ 1B (Greifsneset-Krumsvikneset) for vidare arbeid og utgreiing av kommunedelplan. Forslag til kommunedelplan ligg no føre og ein rår til å leggje dette ut til offentleg ettersyn etter reglane i plan- og bygningslova.

### **Planforslag:**

Planen er ein kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11- 5. Planforslaget legg til rette for flytebru over Voldsfjorden mellom Krumsvikneset og Greifsneset, med fast seglingsløp nær land på Greifsneset. Brua knyter seg til eksisterande veg i rundkøyringa på lokalvegen mellom busetnaden, Greifsneset og E39. Brua vil ha seglingsløp (høg bru) på austsida av fjorden ved Greifsneset. Seglingsløpet vert plassert nært land på Greifsneset for å vinne høgde. Brua knyter seg til eksisterande veg i rundkøyringa på lokalvegen på Greifsneset og vidare inn mot Rotsethorntunnelen på E39. Planforslaget inneber at bruha går nærmast direkte inn i ein ny tunnel sør for Krumsvikneset. Det leggast til rette for fri klaring under bruha på 6 m på lågbrudelen og opp mot 25-33 m i seglløpet og med ei seglingsbreidde på 100 m. Dette betyr at mindre båtar kan passere langs heile lågbrudelen, i tillegg til at større båtar kan passere ved seglingsløpet.

Dei generelle føresegne sett krav til reguleringsplan før det kan iverksetjast tiltak etter plan- og bygningslova. Føresegne sett også krav til innhald i reguleringsplan, mellom anna plan for vern av omgivnadane i bygge- og anleggsfasen, krav til støy- og luftkvalitet i anleggsfasen, forholdet til universell utforming og tryggleik for flaumhendingar. Det vert sett rekkefølgjekrav som gjeld akvakulturanlegg ved Krumsvikneset. Dette skal flyttast før utbygging av bru over Voldsfjorden. Det vert også stilt krav som vedkjem miljøkvalitet, estetikk og landskap.

Veg: Ny vegtrasé er vist i plankartet. Detaljerte linjeføringar skal avklarast i reguleringsplan. Avkjørsler skal utformast og leggjast i samsvar med til ei kvar tid gjeldande vegnormalar. Brua får ei frihøgde på minst 6 meter på lågbrudelen og minst 25 meter høgd og 100 meter breidde i seglingsløp ved Greifsneset.

LNFR-areal: Byggeverksemde og frådeling som har direkte tilknyting til landbruksnæringa tillatast.

Akvakulturanlegg: Ved Krumsvikneset er akvakulturanlegg vidareført frå gjeldande kommunedelplan. Det er lagt inn rekkefølgjekrav som seier at anlegg innanfor arealformålet skal flyttast før utbygging av bru over Voldsfjorden setjast i gang.

Omsynssoner:

I planområdet er det fleire omsynssoner. Desse sonene er støy (H220), ras- og skredfare (H310), flaumfare (H320), bevaring av kulturmiljø (H570) og bandlegging etter kulturminnelova (H730). I tillegg er det eit mindre område aust for Greifsneset der gjeldande reguleringsplan for massetak framleis skal vere gjeldande (H910).

Innanfor omsynssone for støy (gul støysone) kan det tillatast støyfølsame bruksformål, dersom ein gjennom avbøtande tiltak kan tilfredsstille grenseverdiane i rettleiar T-1442. Ved etablering av nye tiltak med støyfølsame bruksformål i gul støysone, skal det utarbeidast ei støyfagleg utgreiing.

Omsynssoner for ras, skred og flaum syner områder med potensiell fare. I samband med regulering må den reelle fara avklarast og dokumenterast i høve krava i TEK. Resultata frå slik kartlegging kan medføre at heile eller delar av området ikkje kan byggjast ut.

### Vurdering og konklusjon:

Saman med konsekvensutgreiing (KU) vurderer ein plandokumenta til å leggje godt til rette for vidare regulering av brukryssing over Voldsfjorden mellom Greifsneset og Krumsvikneset. KU tek føre seg dei tema som er fastsett i planprogrammet (stadfesta i 2018) og gir etter kommunen si vurdering eit godt grunnlag for fastsetting av trasèen som er valt.

Plandokumenta sett etter kommunen si vurdering tydelege krav til reguleringsplan for området. Bru over Voldsfjorden har konsekvensar på ulike nivå for omgivnadane både på fjorden og på landsidene. For dei ikkje-prissette konsekvensane er tema landskapsbilete og friluftsliv/by- og bygdeliv, samt naturmangfold vurdert å ha størst negativ konsekvens for Voldsfjorden. For tema kulturarv er tiltaket vurdert å ha klart størst negativ konsekvens for området Greifsneset. For tema naturressursar er tiltaket vurdert å ikke ha betydeleg konsekvens for dei fleste delområda som er vurdert. Noko konsekvens får det for området på Greifsneset i forma av tap av noko jordbruksareal. I samla vurdering for ikkje-prissette konsekvensar er tiltaket vurdert å ha noko negativ konsekvens. Tiltaket er vurdert å ha positive konsekvensar for områda Volda sentrum og nærliken, samt for Folkestad på tema friluftsliv/by- og bygdeliv. Dette grunna dei betra kommunikasjonsforholda over fjorden.

Når det gjeld konsekvensar i anleggsperioden er valt alternativ det som er vurdert å ha minst konsekvensar for omgivnadane. Det vert minimalt med sprengingsarbeid på Greifsneset, i og med at ein nyttar eksisterande tunell mot E39. Landfeste for bru og landkopling til veg får konsekvensar for kringliggjande busetnad i form av støy, støv og visuell endring av landskapet. To naust må vurderast innløyst. På Krumsvikneset er det noko avstand til nærmaste busetnad. Grunna terrengtilhøva må det lagast tunell for tilkopling til Rv 651. Trafikkavvikling på eksisterande veg må vurderast nærmare i reguleringsarbeidet. Det må også lagast ein mellombels tilkomstveg til landfeste for bru.

Kommunedirektøren rår formannskapet til å leggje planforslag for kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden ut til offentleg ettersyn i minst seks veker, jf. reglane i plan- og bygningslova § 11-14

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjend konsekvens.

Konsekvensar for folkehelsa: Sjå vurderingar over. Vurderingane i konsekvensutgreiinga peikar på at tiltaket får positive konsekvensar for friluftsliv/by- og bygdeliv i delområda Volda sentrum og Folkestad. Tiltaket er derimot vurdert å ha negativ konsekvens for delområde Voldsfjorden på dette temaet.

Miljøkonsekvensar: Tiltaket vil ha ei rekke konsekvensar for miljøet. Når det gjeld tema

naturmangfald er tiltaket vurdert å ha noko negativ konsekvens. Samla sett er tiltaket vurdert å føre til ubetydeleg miljøskade. Dei kortsigte konsekvensane i anleggfasen er først og fremst retta mot yngleplassar for eter, leveområde for havørn og lokalitetar der det er påvist tareskog i nærleiken av landfeste på Krumsvikneset.

Økonomiske konsekvensar: Tiltaket er estimert å ha ein anleggskostnad på kring 4,177 milliard kroner (2020) inkl. mva. Vegstrekninga med ferjesamband er per i dag riksveg.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vurderast å ha positiv konsekvens då kommunikasjonslinjene i kommunen betrast.

Konsekvensar for barn og unge: Vurderast positiv. Betra kommunikasjonsvegar kan gi betra tilbod til born og unge på begge sider av fjorden då ein ikkje er avhengig av ferje.

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale?

- Nei. Desse vert høyringspartar ved offentleg ettersyn.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sakshandsamar for vidare oppfølging